



Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
09/978-1
Dykkar ref.

Helse Førde
v/ styreleiar Clara Øberg

Dato
26.03.2009

Nei til nedbygging av akuttberedskapen i Indre Sogn

Sogn regionråd har følgjande fråsegn:

Sogn regionråd ser med stor uro på framlegga til kutt i akuttberedskapen i helsetenesta som administrasjonen i Helse Førde legg fram for styret i samband med saldering av budsjettet for 2009.

Det er framlegg om endringar i ambulansetenesta i Luster, permanent nedlegging av ambulanseberedskapen i Aurland og endringane ved overvakingsavdelinga ved Lærdal sjukehus som gir grunnlag for uroa. Endringane i ambulansetenesta vil gje færre bilar i aktiv teneste, lengre responstid og etter vår vurdering ei dårligare teneste for innbyggjarane i Sogn. Det er helseføretaket si plikt å syte for ei god og tenleg ambulanseteneste for innbyggjarar i alle kommunar i fylket. Sogn regionråd forventar at helseføretaket oppfyller denne plikta slik at innbyggjarane i alle sognekommunane kan vere trygge på at dei vert tekne hand om på beste vis ved behov.

Sogn regionråd ser og med stor uro på endringane som det er gjort framlegg om ved Lærdal sjukehus. Omlegging av den 10 år gamle overvakingsavdelinga ved sjukehuset betyr ei ytterlegare svekking av akuttberedskapen for innbyggjarane i Sogn. Omlegging av OVOP betyr at overvakninga av medisinske pasientar skal inn på eit rom ved medisinsk avdeling og at oppvakninga etter operasjonar skal takast hand om av akuttmedisinsk avdeling. Dette er løysingar som vart nytta på 1970 og 80 talet. Vi er usikre på om dette er ei oppretthalding av dagens nivå.

Konsekvensane av tiltaka som administrasjonen rår styret i føretaket til å gjennomføre må utgreiaast nærmare. Sogn regionråd ber derfor styret i Helse Førde om å gjennomføre ei konsekvensutgreiing av tiltaka før desse vert vedtekne i styret.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar i Sogn regionråd
(sign)

Karina Nerland
dagleg leiar
(sign)